



Radøy kommune

Dato: 10.04.2014

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2014/13753-4

Tilbakemelding på nytt plankart i høve motsegn til reguleringsplan for Snekkevika - plansak 12602011000500 - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 14.03.2014 i høve justert plankart for Snekkevika - plannr. 12602011000500.

Det nye plankartet (datert 07.03.2014) har tatt høgde for dei automatisk freda kulturminna som vart påvist i planområdet. Omsynssone H570 er noko justert i forhold til Hordaland fylkeskommune sitt forslag, men det nye forslaget tek godt omsyn til kulturminna i planen. Utstrekninga av omsynssone H570 er vi semde om. I tillegg ber vi om at følgjande endringar vert gjort på plankart og i føresegndene:

- Arealføremål i størstedelen av omsynssone H570 er uteoppaldsareal. Slik føresegna til f_UT2 ligg føre stemmer dei ikkje overeins med omsynssone H570 eller H730. Omsynssona lar seg betre kombinere med grønstruktur eller LNF. Føresegna for H570 og underliggjande arealføremål må ha følgjande tekst:

I omsynssone H570 ligg det automatisk freda kulturminne som er bandlagt etter kulturminnelova. Det er ikkje tillate å setje i gang tiltak som kan skade, øydeleggje eller utilbørleg skjemme kulturminnet, eller framkalle fare for at det kan skje.

- I føresegna må H730 ha med teksten:

Omsynssone H730 er automatisk freda kulturminne frå steinalder, og er bandlagt etter kulturminnelova. Det er ikkje tillate å setje i gang tiltak som kan skade, øydeleggje eller utilbørleg skjemme kulturminnet, eller framkalle fare for at det kan skje.

- Teksten «H570» må visast i plankartet i den aktuelle omsynssona.
- Signaturen til omsynssone H730 i teiknforklaringa på plankartet er feil. Det er vist riktig på sjølve kartet.
- Grensen til omsynssone H570 kan i øst trekkast opp frå sjø, slik at den går mellom grønstruktur og grensa til UN3 og SB.

Når desse endringane er gjort er dei automatisk freda kulturminna godt ivaretake gjennom reguleringsplanen og Hordaland fylkeskommune vil trekke motsegn i høve kulturminne.

Marit Rødseth
plansjef

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Sakshandsamarar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Øystein Skår, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum